



CD/BLU-RAY



Trondheimsolistane

- in folk style

ARTIST: Emilia Amper
og Gjermund Larsen.

PLATESELSKAP: Lindberg Lyd 2010

Enig eller uenig? Diskuter på ta.no

Dei mangfaldige Trondheimsolistane

Med denne produksjonen får vi både i pose og sekk. For det første: Griegs Holberg-suite slik som berre Trondheimsolistane kan spela den, poengtert, presist og med utsøkt dynamikk. I tillegg blir vi kjent med Emilia Amper, svensk nøkkelharpe-virtuos som har sett saman ein suite for nøkkelharpe og strykeorkester etter dei dyktige folkemusikkutøvarane i gruppa *Väsen*. *Balkanpolska* for nøkkelharpe og strykarar er eigna til å framkalle assosiasjonar i retning Bulgaria, og *Till farmor* er eit stykke i vakre og varsame musikalske vendingar.

For det tredje: Spellemannprisvinnar Gjermund Larsen tok eksamen på musikkhøgskulen med ein komposisjon – *Diplom* – der han kombinerte låter frå sin folkemusikalske oppvekst med det klangbildet som berre eit solid strykeorkester kan framkalle. Resultatet er med på å gi – *in folk style* til eit spennande og mangfaldig cross-over-produkt.

Honnør til Øyvind Gimse og musikarane hans.

■ ■ TORE SKAUG